

Treng utanlandsk arbeidskraft

Tre litauarar er sjåførar hjå Neteland og Stuve Transport AS i Norheimsund. Mangel på norsk arbeidskraft er årsaka.

TORILL STAVENES

– Ei av årsakene til, sjåførmangeleken i Noreg, er låga løna. Den er for låg i høve arbeidet som vert utført. Dessutan er det dyrt å ta lastebilserifikatet, meiner dagleg leiar i Neteland- og Stuve Transport AS, Geir Ove Neteland.

Han har hatt ein sjåfør frå Litauen i arbeid i eitt år, ein annan i fire månader. Ifylgje han er det umogeleg å finna sommarvikarar. I dag er 26 sjåførar i arbeid i selskapet.

– Det er like mange som resten av året, jamvel om det er litt travlere om sommaren, opplyser han.


Arbeid

Sjåførane frå Litauen utfører det same arbeidet som sine norske kollegaer.

– Dei køyrer varer i heile Hardanger, fortel Neteland, og legg til at det ikkje er så mange andre utanlandske sjåførar i Kvam.

– Men på vegane i Hardanger, møter ein fleire sjåførar frå Aust-Europa, mellom anna frå Polen. Bruk av utanlandsk arbeidskraft i transportnæringa er ein aukande trend. Framover kjem fleire frå utlandet til å verta tilsette i norske firma, spår Neteland.

Litauarane er leigde inn gjennom Kvam avløyssarlag, som òg lønar dei. Han har ikkje fått dårlege reaksjonar på innhentinga av



Gode røynsler: Dagleg leiar i Neteland & Stuve Transport AS, Geir Ove Neteland, seier utfendingane finn seg til rette på smale hardangerveggar.

den ikkje-norske arbeidskrafta. – I starten tenkte kanskje nokre av dei norske sjåførane at dei vart henta inn fordi dei var billegare arbeidskraft. Dette var ikkje tilfelle, så ein mikts mellom nasjonalitetar er ikkje noko problem, slår Neteland fast.

Sosial del

I jobben kjem litauarane mykje i kontakt med nordmenn.

– Om det finst problem, er

læra språket.

det språket. Å levera varer til eldre som kanskje ikkje vane med å snakka engelsk, kan vera vanskeleg. Nokre av kundane var litt skeptiske i starten. Men det handlar om å bryta ein barriere og verta kjende med kvarandre. No går dette fint, sjølv om samtalan ofte går på engelsk, seier han.

Neteland fortel at ein av litauarane snakkar norsk. På kontoret prøver dei tilsette å snakka berre norsk, med ei von om at dei skal

læra språket. – Litauarane har òg gått på norskkurs, fortel han.

Ulikskapen

– Dei utanlandske sjåførane våre er flinke, arbeidsvillige og har ikkje problem med å køyra på dei smale vegane. Dei ikkje hatt trafikkuhell, fortel Neteland.

Han avslører at han sjølv var skeptisk då han høyrde om utanlandsk sjåførar for eit par år si-

dan.

– Eg trudde dei som tilsette dei, var galne, fortel han.

Neteland opplyser at fleire av litauarane har henta familiane sine til Noreg. To av dei som arbeider hjå Neteland og Stuve Transport AS kjende kvarandre frå før.

– Dei har etter kvart fått sitt eige miljø her i Kvam, og dei fortel at dei kosar seg, også utanom arbeidstid, seier Neteland.